

Prosedyre når du har mistanke om at ein person som kjem for å henta barn i barnehage/skule/SFO.

Det kan skje at tilsette opplever at rusa personar kjem for å henta barn i barnehage/SFO eller skule. I slike situasjonar er det viktig å beskytta barna, samstundes som ein skal møte den vaksne på ein profesjonell måte.

Prosedyre:

1. Dersom du har mistanke om at personen som kjem for å henta barnet er rusa, må du så langt det let seg gjera få plassert barnet vekk frå situasjonen.
2. Prøv om du kan få den rusa personen med deg til ein stad vekk frå barna. Dersom det er mogleg bør ein vera to vaksne i situasjonen.

Opptrer personen så truande at du må levera ut barnet, må du kontakta politiet og det lokale kriseteamet.
3. Ver ærleg med den det gjeld. Sei frå korleis **du** opplever situasjonen, og at personen ikkje kan henta barnet grunna ruspåverknad.
4. Vurder om det er andre i familien som kan henta barnet. Viss ikkje må du kontakta barnevernet.

Barnevernet: 52792267 (Stengjer kl. 15.30)

Servicetorget på kommunehuset: 52792200 (stengjer kl. 15.00)

5. Dersom barnevernet er stengt er det politiet som skal kontaktast.

Telefon: 02800 Politisentral som hjelper deg vidare.

6. Kontakt alltid din nærmaste leiar og einingsleiar.

Einingsleiar:

7. Den som er i situasjonen har ansvaret til leiar av eininga eller andre overordna personar overtek ansvaret for barnet. (Telefonnr. til kommunen sitt kriseteam sjå eige oppslag.)
8. Du må ikkje forlata barnet før du er **sikker på at det er i god forvaring.**

9. Leiar kallar inn alle tilsette til eit møte så snart det let seg gjera etter hendinga. Avhengig av kor alvorleg saka er, må leiar vurdera om ein ønskjer å innhenta hjelp frå andre profesjonar.

10. Det er kun einingsleiar (rektor eller styrar) som skal uttala seg til media)

GPS_koordinatane til bygget: _____

Sigrund Kleppa

Oppvesktsjef